# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn

Nr. 3/2025 - 67. årgang

## Tid for klokskap og samarbeid

**redaktørens hjørne**

Det var harde konflikter om religion og politikk, også på Jesu tid:

*Sidan sende dei nokre av farisearane og herodianarane som skulle fanga han i ord. Dei kom og sa til han: «Meister, vi veit at du er ærleg og ikkje bryr deg om kva andre meiner. For du gjer ikkje skilnad på folk, men lærer i sanning Guds veg. Er det rett å svara skatt til keisaren, eller er det ikkje? Skal vi betala, eller skal vi la det vera?» Men Jesus merka hykleriet deira og sa til dei: «Kvifor set de meg på prøve? Kom med ein denar og lat meg få sjå han!» Dei gav han ein, og han spurde: «Kven har biletet og namnet sitt her?» «Keisaren», svara dei. Då sa Jesus til dei: «Gjev då keisaren det som høyrer keisaren til, og Gud det som høyrer Gud til!» Og dei undra seg over han.*

*Markus 12, 13-17*

No er valkampen straks over og valdagen er her. Politikerar og media har laga konflikter, delt partiene i blokker. Valflesket har kanskje stått i vegen for dialog og klokskap.

I forbøna i gudstenesta ber me for leiarane våre. For Konge, Storting og Regjering. Me ber om at dei skal få visdom til å styra landet vårt.

Me kristne spreier oss frå høgre til venstre i politikken, men me kan samla oss i bøn om at leiarane våre får klokskap, møter kvarandre med respekt og finn gode løysingar for land og folk.

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta 24. august*

### Framsidebiletet

I løpet av Speidernes Landsleir 2025 var det fleire varme dagar, og for å kjøla seg ned i varmen, laga speidarane seg vannsklie.
Foto Anna Feed


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal,
telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft



Her kan du betale med vipps

523083
Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*



**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon: 476 41 868**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: post.tysver@kirken.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**
**Tor Egil Eriksen**
Mobiltelefon: 404 00 686

**Sokneprest Nedstrand sokn**
**Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**
**Gjermund Lygre**
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Synnøve Svensson Haakonseth**

**Ungdomsdiakon**
**Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog**
**Hjørdis Kristina Støle Brasøy (permisjon**

**Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Organistar**
**Johannes Støle**
**Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Ottar Krakk**
Mobiltelefon: 932 16 644
**Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland**
Mobiltelefon: 950 62 816

**Administrasjonssekretær**
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein**
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**
**Odd Grønnestad:** *900 71 868*
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein**: *976 18 216*
**Eva Keller:** *936 75 972*
**Einar Selvåg**







*Fire ildsjeler som er med å lage sommerkaféen i kirken i Aksdal. Fra venstre: Synnøve, Marius, Stian og Jonny.*

# Sommerkafé i Aksdal Kyrkje

*Tekst og foto: Asbjørn Erdal*

– Velkommen inn, sier Jonny Høgden, med et stort smil! – I dag er det mye folk og masse god mat!

For 4. året på rad arrangeres det kafé i kirken i Aksdal hver onsdag fra kl. 11 – 14. Der kan folk treffes og slå av en prat. Barna kan bruke lekerommet eller gymsalen på loftet.

Det serveres lapper, is, jordbær, te og kaffe. I tillegg pleier det å være hjemmebakt gjærbakst (eller kirkebakst fra det nye kjøkkenet). Av og til blir det litt taffelmusikk, når noen setter seg ved pianoet og spiller.

– Folk er veldig flinke til å bidra med kaker, vafler, blomster og andre ting, sier Synnøve Haakonseth. Hun er diakon, og er en av de som står i spissen for dette arrangementet.

– Og så er det kjekt at så mange kommer! Det I år har det vært mellom 25 og 70 stykker innom. Det er både unge og gamle som kommer. Ekstra kjekt er det at noen av våre nye landsmenn finner veien hit, sier Synnøve.

– Dette er et veldig sosialt og trivelig arrangement, sier Jonny. – Og i august ser jeg at mange kommer innom for å treffe folk igjen etter ferien.

– Kaféen er gratis for alle, men en kan vippse en gave hvis en vil. Så tusen takk til kommunen som støtter porsjektet, sier Synnøve.


Hvordan har du det...
EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Dagsaktuelt

*andakt av Ingrid Hustoft Landro*

**Tenk; Nokon synest det virkar forferdeleg tungt å vere kristen. Dei trur Bibelen er full av forferdelege reglar og bud som gjer livet skikkeleg kjedeleg viss me lever etter dei.**

Dei skulle berre visst! Livet saman med Jesus er slett ikkje kjedeleg eller trist. Me kan glede oss over å kjenne ein trufast Gud som har omsorg for oss og kjenner oss og veit alt om oss og livet vårt, Han vil rettleie oss, trøyste oss, gi oss fred og styrke.  I tillegg kan me glede oss over å ha navnet vårt skrive i Himmelen – i Livets bok. Det er langt ifrå kjedeleg. Det er kjempestort!

Nokon vil seie at boda i Bibelen er gammaldagse og strenge. Men sanninga er at det som står i Bibelen er dagsaktuelt, og fullt av gode levereglar for alle menneske. Berre høyr:
Efeserne 4,29–32: *Lat ikkje eit einaste ròte ord koma frå dykkar munn! Sei berre det som godt er, og som tener til oppbygging der det trengst, så det kan bli til velsigning for dei som høyrer på. Gjer ikkje Guds heilage Ande sorg, for Anden er seglet de ber til den dagen de skal friast ut. Ver ikkje harde, hissige og sinte, og hald opp med skrål og spott og all annan vondskap. Ver gode mot kvarandre, vis medkjensle og tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus.*

Tenk om me kunne ha det slik saman, at me berre ville kvarandre godt. At me hjelpte kvarandre, støtta kvarandre og var opptatt av å vere gode med kvarandre. Då ville me hatt fred på jorda, fred i familiane, og fred inni oss.

Bibelen gir oss gode råd for korleis me kan ha det godt saman her på jorda.

*Elsk kvarandre, slik eg har elska dykk, seier Jesus. Tilgi kvarandre slik eg har tilgitt dykk, seier Jesus.*

Jesus gav livet sitt for meg. Han bar heile verda si synd. Han tilgav det eg har gjort og alt eg kjem til å gjere. Hans kjærleik og nåde er uendeleg, ufatteleg, urokkeleg. Der synda er stor, er nåden hans alltid større. For meg. For deg. For alle.

1. Johannes kap 4: *Me elskar fordi han elska oss først.*

Jesus viser oss kva kjærleik er. Han vil at me skal leve tett saman med Han, lære av Han, og bli forvandla av Han. For slik kan andre òg sjå at det er godt å følgje Jesus, og slik kan andre òg få lære å kjenne Jesu kjærleik.

**Ver gode mot kvarandre, vis medkjensle og tilgi kvarandre, slik Gud har tilgitt dykk i Kristus.**



## Herre, gje meg dine auge

*tekst og melodi : Sølvi I. Hopland*

Herre, gje meg dine auge så eg ser når andre har det vondt.
Herre, gje meg dine auge så at eg kan skimte smerte gjennom smil.

Herre, gje meg dine øyre så eg høyrer hjertets stille gråt.
Herre, gje meg dine øyre så at eg kan høyre tause rop om hjelp.

Herre, gje meg din munn som seier ord som gleder,
ord til oppmuntring, ord til trøyst, ord som gjev håp.

Herre, gjev meg dine hender som alltid mot alle er strakt ut
som klappar ei nedtyngd skulder, som stryker bort ei tåre, som gir og tar imot.

Herre, gje meg av ditt hjerte, så eg lir med med mennesker som lir
så eg gler meg med dei glade så eg kan elske.
Elske slik som du



# Bedre lyd for brukere av høreapparat

*av Asbjørn Erdal*

**– Med ny teknologi kan en nå få lyden trådløst rett inn i folks høreapparater i kirken i Aksdal, sier kirkeverge Ottar Krakk.**
**– Dette er nå blitt installert som en del av det nye lydanlegget.**

Systemet heter Auracast og bruker Bluetooth som muliggjør lydoverføring til mottakere med høreapparat. Det er som en radiostasjon, der mange kan lytte samtidig til den samme lyden.


AURACAST
A BLUETOOTH® TECHNOLOGY

**Auracast™ er no tilgjengeleg her i kyrkja!**

**Slik brukar du Auracast:**

1.Aktiver Auracast-mottak på høyreapparatet. Sjå brukarveiledinga for din modell eller spør ein audiograf.

2.Velg riktig lydstraum.
Når du er i kyrkjerommet, vil din enhet finne en straum merka **Auracast Aksdal Kyrkje**.

*På døra inn til kirkerommet henger det plakat om hvordan det nye systemet skal brukes.*



*Ottar Krakk forteller at nå kan folk med høreapparater høre bedre i kirken.*

– Brukerne vil finne en lydstøm på mobilen sin som heter «Auracast Aksdal Kyrkje», sier Ottar.

– Denne må aktiveres for ta imot lyden. Jeg håper folk prøver dette, og tester ut systemet. Snakk med noen i staben hvis dere ikke får det til å virke.

På døra inn til kirkerommet henger det nå en plakat om hvordan dette skal brukes. Auracast systemet fungere bare for nyere apparat. En del eldre apparater har fortsatt ikke denne muligheten.

– Det gamle systemet med teleslynge fungerer fortsatt, sier Ottar, men Auracast skal gi bedre lydkvalitet.

## Trivselshagen i Førre




Astrid Strømø, Trygve Vinnes og andre med flittige hender har vært ivrige gartnere i Trivselshagen. De har lagt ned uendelig mange timer med forberedelser av pallekasser, parseller og såing av ulike vekster.

Noe spirer og gror, andre vekster har rådyrene funnet ut smakte godt. I vår hadde vi undervisning av Åsmund Vae med beskjæring av eple- og plommetre. Åsmund har fått oppkalt trivelsplassen ved Førre skole og Åsmund BUA etter seg.

Nå er det tid for høsting. Vi har en del redskaper tilgjengelige. Vi har også fått oss et rastebord. Ønsker at flere kan benytte seg av dette sosiale tilbudet.



Følg med på "Tysvær hagelag" og "Hva skjer i Førresfjorden menighet" sine fasebook sider.

*Tekst Lisbeth Skilhagen Haaheim/foto fra Tysvær Hagelag sine facebooksider*

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*

# KyrkjeNÆR i Tysvær og Bokn, hausten 2025

**Kyrkjenær i Tysvær Sokn**

**0-1 år: Babysong.**
Oppstart torsdag 18/09. kl 10-12. Tysvær Soknehus. Sjå facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»

**3 år : Undretur.**
Tysdag 30/09. kl 17.15-18.15. Tysvær kyrkje.

**4 år: Barnebibel**
Søndag 17/11. Utdeling av Barnebibel i Tysvær kyrkje kl 11.00. Samling i kyrkja nokre dagar før.

**7 år: Hausttakkefest.**
Tysdag 09/09 på Tysvær Soknehus og 14/09 i Tysvær kyrkje.

**11 år: Lys vaken.**
Sove heime-leir. Laurdag 29/11 og søndag 30/11.

**14 år: Konfirmantsamlingar**

**13-18 år: Ungdomsklubben i Tysværvåg.**
Ca annankvar laurdag kl 20.00-23.00. Tysvær Soknehus. Sjå facebookgruppa «ungdomsklubben i Tysværvåg»

**Kyrkjenær i Førresfjorden sokn**

**0-1 år: Babysong**. Tysdager

**3 år: Undretur**
13/10, kl 17.00-18.00 i Aksdal kyrkje

**4 år: Barnebibel for haustkull**
14/10, kl 17-18.30 Aksdal kyrkje
19/10 Gudsteneste i Aksdal kyrkje med utdeling av barnebibel for haustkull.

**5 år: Julevandringar**

**7 år: Hausttakkefest**
Samling i Trivselshagen, Førre, 27/08, kl 17-19.15
Oppstartsgudsteneste 31/08, kl 11.00

**Frå 4.-7. kl: Etter skoletid**
Aksdal kyrkje hver onsdag rett etter skulen

**11 år: Lys våken**
Adventskveld i kyrkja. Aksdal kyrkje 21/11

**14 år: Konfirmantsamlingar**



*Det er tilbud om Babysong i både Tysvær, Bokn og Førresfjorden sokn. Her frå samling i Tysvær og Bokn i vår.*

**Felles for Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand**
**9 år: Misjonsdag**.
Måndag 22/09. Aktivitetsdag for heile Tysvær på planleggingsdagen til skulen. Stemnestaden leirstad.

**Andre arrangement i Nedstrand sokn:**

**Frå 1. kl: Etter skuletid i Skjoldastraumen**
Siste onsdag i månaden rett etter skulen.

**Frå 1. kl: Nedstrand barneforening**
Soknatun – sjå datoar på side 22.

**Frå 8.kl Ungdomstreff på Nedstrand**
Soknatun. Ca annankvar fredag kl 19.30--22.00.

**Andre arrangement i Tysvær sokn:**

**Barnekoret Gledesprederen** har øvingar på tysdagar kl 17.30-18.30 på Tysvær soknehus.
Alle born frå 4 til 12 år er velkommen til å bli med i koret! Sjå facebookgruppa «Barnekoret i Tysværvåg»

**Supertorsdag:** Sjå plakat på neste side



**Kyrkjenær i Nedstrand Sokn**

**3 år: Undretur**
Skjoldastraumen kyrkje: 20/10, kl 17.00-18.00
Nedstrand kyrkje: 22/10, kl 17.00-18.00

**4 år: Barnebibel**
Bibelsamling Skjoldastraumen 21/10, kl 17 -18.30
Bibelsamling Nedstrand 23/10, kl 17 -18.30

Gudsteneste med utdeling av barnebibel:
Skjoldastraumen kyrkje: Søndag 26/10, kl 11.00
Nedstrand kyrkje, søndag 26/10, kl 13.00

**5 år: Julekrybbeverkstad**
Nedstrand: 17/11 og 1/12, kl 17-19
Skjoldastraumen: 19/11 og 3/12, kl 17-19

**7 år: Hausttakkefest**
Samling, Tveit vgs, ons. 24/09, kl 13-16.30
Gudsteneste Nedstrand kyrkje 28/09 kl. 11.00 og Skjoldastraumen kl. 13.00

**11 år: Lys vaken**
Adventskveld i kyrkja. Nedstrand kyrkje, 29/11

**14 år: Konfirmantsamlingar**



*Konfirmantsamlingane er ein viktig del av trusopplæringa til kyrkja, her representert med vårens konfirmantar i Tysvær kyrkje.*

**Kyrkjenær i Bokn sokn**

**0-1 år: Babysong.**
Oppstart torsdag 19/09. kl 10-12. Tysvær Soknehus. Fellesarrangement Tysvær/Bokn. Sjå facebookgruppa «Babysang på Tysvær Soknehus»

**3 år: Undretur.**
Onsdag 24/09. Kl 17.15 -18.15 i Bokn kyrkje.

**4 år: Barnebibel.**
Tysdag 11/11. Kl 17.15. 4-årssamling i Bokn kyrkje. Søndag 16/11. Utdeling av Barnebibel Bokn kyrkje kl 15.00.

**11 år: Lys vaken.**
21-22/11. i Bokn kyrkje

**14 år: Konfirmantopplegg.**

**13-18 år: Ungdomsklubben i Tysværvåg.**
(Ca annankvar laurdag) kl 20.00-23.00.
Sjå facebookgruppa «ungdomsklubben i Tysværvåg»




kyrkje nær I TYSVÆR


foto Anna Feed

# På eventyr - Speidernes Landsleir 2025

*av Ingeborg Amalie Strømø Berge og Tyri Førre*

**Denne sommeren dro Førre-Aksdal KFUK-KFUM-speiderne med 23 vandere , 11 rovere, 9 ledere og voksne "på Eventyr" til Gjøvik med 10 317 andre speidere. På store jorder for å bo i telt, lage mat på primus, styrke og skape vennskaps-bånd i tillegg til mye mer.**

**Hva er egentlig Speiderenes landsleir 2025?**
Dette var den første landsleiren der de to speider-forbundene, Norges KFUK-KFUM speiderne og Norges speiderforbund, samarbeidet om å arrangere en landsleir som den felles organisasjonen Speiderene i Norge. Dermed ble dette en av de største speiderleir-ene som var arrangert i Norge. Temaet for leiren var "På eventyr". Og leiren var fra 5. - 12. Juli.




**Leirbål er gøy**
Matilde Serine Strømø Berge (13 år) forteller at noe av det kjekkeste hun opplevde på leir var leirbålene. Hun deltok i alt på fire leirbål, da de to felles leirbålene, åpningsleirbålet og avslutningsleirbålet. I tillegg til de to vennskapsleirbålene som ble arrangert av Førre-Aksdal. Hun forteller videre at det var god stemning på åpningsleir-bålet tross at det var litt regn på det, i motsetning til avslutningsleirbålet som hadde sol og varme, men det var noe mindre stemning på dette. Selv synes Matilde at begge fellesleirbålene var gode.




foto Mathis Bardieux



Imidlertid er Matilde og flere andre fra Førre-Aksdal særdeles skuffet over at det ikke var laget noen dans til leirsangen "På eventyr" av bandet Masive. Dette tok Roverene Veslemøy Mortensen (17 år) og Tyri Førre (16 år) tak i, og koreograferte en egen dans til leirsangen. Denne ble fremvist under begge vennskapsleirbålene, som de begge to var med på å styre.

Utenom leirbål var det mye annet gøy program
Det var mye variert program for alle, som man kunne delta på i løpet av leiruken. Da alt i fra aktiviteter som nevenyttighet, haik og patruljeløp for vandrerne, til ulike kurs for ledere som varierte mellom spiselige vekster og mat på bål til spinning av garn.

**Flere varme dager**
I løpet av leiruken ble det flere meget varme dager og da for å kjøle seg ned i varmen, lagde speidere seg vannsklie en av dagene. Dette var en fin måte å få avkjølt seg i varmen. Ettersom det var et stykke ned til Mjøsa synes speiderne dette var et bra og gøy alternativ til bading. Matilde forteller at de egentlig skulle gå ned til vanningsanlegget nede ved Vind Arena, men det var for lite vann i eleven og dermed ble vannsklie et godt alternativ som var gøy.

Noah (17 år) forteller at han har hatt det bra på leiren, og tror at alle speiderne har trivdes på lands-leiren, skapt minner og fått nye venner eller blitt bedre kjent med sine venner i løpet av leiren.


foto Anna Feed

## Trenger du noen å snakke med?

*Diakoner og prester er alltid tilgjengelig for samtale. Ingenting er for lite og ingenting for stort.*

*På tirsdager sitter diakonen på Aksdalsenteret mellom kl.12.00-14.00. Sett deg gjerne ned og slå av en prat.*

*Ta kontakt med diakon Synnøve S. Haakonseth på tlf. 465 28 756 eller e-post: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no*

***Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile.***
*Matt 11, 28*



# Friluftgudsteneste på Bokn

*Tekst: May Jorunn Vatnaland/Foto: Anita Syversen Are*

15.juni 2025 var det Friluftsgudsteneste i Kro på Bokn Anders Kro opna opp løa som er laga flott til større samlingar (her er ikkje drift lengre)
Han og Ingvild hadde laga det skikkeleg koseleg der inne.

Været var perfekt, så etter gudstenesta blei det invitert til grilling og kos nede ved sjøen.
38 møtte i løa, eldste var 98 åringen Magnhild Are





# Ta vare på flokken din

*av Bjørg Rørtveit, Nedstrand kyrkjeforum*

**Bjørk Matheasdatter til Soknatun, Nedstrand**

> *Så blir dei verande desse tre: Tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken."*
> *1.kor. 13.13*

Gode, nære relasjoner er noko av det viktigaste for helsa vår – og for livslukka. Men korleis skape desse relasjonane, og korleis kan me ta vare på dei gjennom livet?

Nedstrand kyrkjeforum inviterer torsdag 4. september til ein kveld med ein av landets fremste samlivsekspertar, parterapeut og relasjonspedagog Bjørk Matheasdatter. I tjuefem år har ho formidla kunnskap om kjærleik og relasjonar og gitt verktøy og inspirasjon til å ta vare på den, gjennom utallige kurs og foredrag og som spaltist i magasin og aviser.

Ho har skrive bøkene: «Å elske og bli elsket - ta vare på kjærligheten» og «Å løfte og bli løftet -ta vare på gnisten i deg selv og andre.»

Nå er ho aktuell med boka «Å se og bli sett. Ta vare på flokken din». Den handlar om korleis du kan bygge gode relasjonar mellom generasjonane, til familie og venner – ja, til alle som betyr noko for deg. «For det holder ikke bare å føle at vi er glade i hverandre, vi må også vise det. Slik at det merkes at vi bryr oss. Vi må gjøre noe for å ta vare på hverandre og det vi har sammen: Kjærlighet er ikke bare noe vi føler. Det er også noe vi gjør.»



«Vi må ta vare på flammen som brenner mellom oss», sier Bjørk Matheasdatter - «Kjærlighet er å bære ved til bålet».

Velkommen til ein inspirerande kveld om korleis vi kan ta vare på relasjonene mellom oss.

**For størst av alt er kjærleiken.**














# Musikk i Sommarkvelden x 4

**Lune sommarkveldar i Nedstrand Kyrkje**

Takk for fin og variert musikk, kjekt fellesskap og godt oppmøte til desse små konsertperlene i Nedstrand kyrkje i juli! Eit tilbod som samlar folk frå heile distriktet i lune sommarkveldar.

Bildet til høgre viser deler av arrangør Nedstrand kyrkjeforum saman med musikarane Erik og Amelie Aldner etter den siste konserten.

Har du innspel til kortreiste utøvarar til neste års konsertar? Ta gjerne kontakt med Bjørg Rørtveit på 99707412.

Skan QR-koden for å sjå og høyra smakebitar frå konsertane.



# Gjenbruksbutikken i Aksdal Kyrkje



I sommer har vi fått inn masse nye brukte, flotte klær som ønsker å få en ny eier. Olena har tatt på seg jobben som frivillig til å henge opp og rydde i kles-butikken. Alle kan komme å betale kr.10, eller hva du måtte ønske, for de plaggene du tar med deg fra butikken. Har du ikke mulighet til å betale er alt gratis.

Vi kjøper alt for mye klær, klærne blir ikke utslitte så vi håper at absolutt alle kan benytte seg av dette tilbudet etter eget behov. Vi ønsker med dette å belyse Bærekraftsmål 12: Ansvarlig forbruk og produksjon.

Åpent i kontortiden tirsdag - torsdag kl.10:00 -14:00.

*Tekst: Listbeth Skilhagen Haaheim (bildet)*






# Du kan bety en forandring for en familie

*av Home-Start v/Gro Elin Haugen Sandvik og Heidi Husebø*

**Vil du bety en forandring for travle småbarnsfamilier? Kirkens Bymisjon søker etter frivillige til sitt Home-Start arbeid**

Kirkens Bymisjon har verdifull suksess med det støttende familie-programmet Home-Start. Vi jobber kontinuerlig med å skaffe flere frivillige, og inviterer nå til et forberedelseskurs for de som vil gjøre en liten, men betydningsfull innsats for å hjelpe småbarns-familier.

**Tysvær:** Home-Start startet opp i Tysvær i 2024 og avdelingen dekker nå kommunene Karmøy, Haugesund og Tysvær. Takknemligheten er stor over en flott gruppe av 25- 30 frivillige fordelt på de tre kommunene. Vi ser allikevel at vi gjerne skulle hatt noen flere med fra Tysvær. Arbeidet i kommunen er nå godt i gang og vi får hele tiden forespørsler fra småbarnsforeldre fra alle delene av kommunen. Vi er heldige og har familiekontakter som kjører fra både Karmøy og Haugesund for å hjelpe til i Tysvær, men vi ønsker jo ikke å bruke for mye av tiden til kjøring så skulle gjerne hatt med noen flere fra vår egen kommune.

**Familiekontaktene.**
Familiekontaktene som vi har med har alle foreldreerfaring, eller erfaring fra arbeid med barn, noe som er et krav som stilles. Våre frivillige må også levere inn politi-attest og gjennomføre et forberedelseskurs på 20 timer.

I løpet av de neste ukene håper vi at flere vil melde seg på dette kurset. Ikke tro at vi bare søker etter «supermennesker», men vil gjerne se deg som er opptatt av å bety noe for andre og gi litt av din tid for å hjelpe.

**Home-Start sitt arbeid.**
Med vårt tilbud i Home-Start Karmøy/Haugesund/Tysvær vil vi hjelpe småbarnsfamilier i en periode hvor de kjenner på utfordringer. Home-Start er et frivillig foreldrestøtteprogram som arbeider for å bedre småbarns-familier sin livssituasjon gjennom støtte fra våre frivillige familie-kontakter. Vi vet at det første året i barns liv er avgjørende og vi har derfor som mål å hjelpe familier på et tidligst mulig tidspunkt. Familiene har ulike behov, men det vi ser går mest igjen er at de trenger avlastning, mer nettverk og noen til å lytte. Målet er å hjelpe familiene til å føle seg sett og hørt, og gi mer overskudd i hverdagen sier Gro Elin Haugen Sandvik. Hun er sammen med Heidi Husebø koordinatorer for avdelingen lokalt.

**Et viktig arbeid.**
Tilbudet til Home- Start er et supplement til det offentlige hjelpeapparatet. Hensikten er å forebygge utvikling av belastninger og stress, men også støtte familien på det de mestrer og avlaste etter behov.

En familiekontakt kommer inn for å lytte og støtte. For å skape glede, tillit og trygghet og føre positiv energi inn i en travel hverdag. Behovene er forskjellige fra familie til familie, og det er familiene selv som definerer sine behov sier Gro Elin Haugen Sandvik.

**Kurs for familiekontakter**
Dette kurset inneholder flere tema, som informasjon om Home-Start, verdier og holdninger, taushets-plikt, familieliv, kommunikasjon, om engasjement og grenser du må ha som frivillig. Vi vil også ha gode samtaler med den enkelte, og sammen som gruppe. sier Gro Elin Haugen Sandvik.



*Heidi Husebø tenner lys og gjør klar til samling for frivillige*

Sammen med sin kollega Heidi Husebø er hun stadig rundt på farten, på kjøpesenter, i turløyper og på besøk til ulike lag og foreninger, for å rekruttere flere frivillige.

Vi mottar stadig positive tilbakemeldinger fra våre frivillige. Ikke bare får de bety noe verdifullt for andre, men opplever også selv økt livskvalitet og mening.

**Samlinger for småbarnsfamilier**
Ikke alle har et like stort nettverk i sitt nærmiljø. Som småbarnsfamilie er det positivt å bli kjent med andre familier i samme situasjon og med barn på samme alder.

Sporadisk tilbyr vi også samlinger for småbarnsfamilier, med søkelys på det sosiale, aktiviteter og lek. Samlingene legger vi til helg og ferietid, og i sommer har vi hatt populære samlinger rundt i alle tre kommunene våre. Her var det anledning til å delta på tvers av kommunen og i Tysvær var godt over 200 små og store samlet til en dag med lek, bading og grilling på Grindafjord feriesenter.

Home-Start Karmøy/Haugesund/ Tysvær

Avdelingen er driftet i samarbeid med Kirkens Bymisjon

# Namna minnelund



av Ottar Krakk, Kyrkjeverje i Tysvær

**I løpet av sommaren har det blitt arbeida med å etablera Namna Minnelund på fleire gravplassar her i Tysvær. Det meste er klart, men det gjenstår litt mindre arbeid før dei kan tas i bruk.**



Dei Namna Minnelundane på gravplassane i Nedstrand, Skjoldastraumen og på gravplassen ved kyrkja i Tysværvåg skal klare for bruk i løpet av september.

Namna minnelund er eit relativt nytt tilbod. Her i vårt distrikt har det vore eit slikt tilbod på Bokn og i fleire nabokommunar i nokre år og det er nå og snart på plass hos oss.

I ein Namna Minnelund kan det setjast ned urner på eit område like ved minnesmerke. På sjølve minnesmerkene her hos oss vil det vera mulig å setja opp ei namneplate i bronse på 15x15 cm.

Det er også mulig å tenne lys i lykter som er plassert ved minnesmerke eller setje ned blomar i nedfelte vasar.

Ved gravplassane i Nedstrand og Skjoldastraumen har me vore heldige og fått bruka eit dikt av Gunvor Hustoft frå Nedstrand. Dette diktet vil stå på ei eiga bronseplate på minnesmerke.

***Alle dei gode dagane***<br>
***skal eg ta fram i minnet***<br>
***når vinteren kjem***<br>
***og trea står nakne***<br>
***og jorda ligg der svart***<br>
***Då kan det minna meg på***<br>
***at det kjem ein vår***

I Nedstrand er Minnelunden etablert på/ved den sirkelforma plassen mellom kyrkja og resten av gravplassen. I Skjoldastraumen er den etablert like nedanfor kyrkja. På gravplassen i Tysvær er den etablert på den nye delen av gravplassen, på det øvste nivået der.

Erfaringar frå andre stader er at Namna Minnelund vert stadig meir tatt i bruk etter at tilbodet har kome. Det kan vera ulike grunnar til at folk ønske denne gravferdsformen, men for nokre pårørande vil det gjerne vera vanskeleg å ta på seg å vedlikehalde eit eige gravminne/gravstein, ofte fordi dei næraste bur langt vekke.

